

## Korleis ta kontakt?

Er dette tilbodet aktuelt for deg må du kontakte ansvarleg lege for å verte tilvist.

Pasientansvarleg lege eller sjukepleiar kan ta direkte kontakt for råd og drøfting av aktuelle problem.

Vi er tilgjengeleg mandag - fredag mellom kl.08.00 og 15.30.

## Palliativt Team Volda Sjukehus

Palliativt Team Volda Sjukehus er tverrfagleg samansett av legar med spesialkompetanse innan kreft og anestesi, spesialutdanna sjukepleiarar, prest og fysioterapeut.

Ved behov kan ein kontakte ernæringsfyiolog og sosionom som er knytta til palliativt team i Ålesund.



Kreftavdelinga Helse Sunnmøre

# Palliativt Team Volda Sjukehus

## Pasientinformasjon



# Palliativt Team Volda Sjukehus

## Palliativt Team

Arbeidet er retta mot pasientar med kreftsjukdom, som ein ikkje kan verte frisk av.

Palliativt team arbeider med å førebyggje og lindre symptom og plage.

Teamet er tverrfagleg samansett av legar med spesiell kompetanse innan smertebehandling, kreftbehandling og lindrande behandling.  
Spesialutdanna sjukepleiarar  
Fysioterapeut  
Prest

Ved behov kan ein kontakte ernæringsfysiolog og sosionom som er knytta til palliativt team i Ålesund.

## Målet med Palliativ Behandling

-er at pasient og pårørende skal oppnå best mogeleg livskvalitet i den siste levetida til pasienten.

-at ein kan gi pasient og pårørende ei samanhengande behandlingsskjede.

Ved:

- å førebyggje og lindre fysiske, psykiske, sosiale og åndelege/eksistensielle vanskar
- tverrfagleg samarbeid
- å spreie kunnskap om lindrande behandling og pleie
- samarbeid med primærhelsetenesten
- å gi støtte til pårørende
- å legge til rette for at pasienten kan vere heime dersom dette er eit ynskje

## Kva kan vi hjelpe med ?

Polikliniske konsultasjonar.

Vurderingsbesøk heime ,ved sjukeheim og sjukehusavdeling saman med ansvarleg lege/sjukepleiar.

Hjelp til koordinering og tilrettelegging ved utskriving frå sjukehus.

Rådgiving, rettleiing og undervisning til helsepersonell.

